

**DU LYT SKRIVA AT MATEN ER HIMLA GOD**

Det var den klare melding ein gjest ga uskedalen.no då det var ny skaldyraften på Systrene Nilsen ikveld. Og vertskapet var ikkje mindre tilfreds enn gjesten - den nye sesongen har vore ein suksess helt frå starten.

Den fyrste skaldyraften var sist torsdag og då møtte det fram 80. Dagen etter var gjestetallet 55. Ikveld stoppa det på 90. Vertskapet kan pressa inn 120, men det er i meste laget og konklusjonen til no er at det har vore ein kjempestart.

Over fyller nytilsette Johanne Heggenes Anuglen frå Husnes på meir reker. Som dei andre ingrediensane fekk dei toppkarakter. Det galdt ikkje minst fiskesuppa!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen